

# BOKN BYGDEBLAD

---

NR. 5 - JUNI 1988 ÅRG. 3

---

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## ALLE FISKEOPPDRETTA FRA BOKN SLEPT TIL SANDSFJORDEN

Alle fire fiskeoppdretta frå Bokn er nå i Sandsfjorden. Loden Laks, Ognøy Laks og Vågen Laks er stasjonert inne ved Marvik, medan Bokn Fiskeoppdrett ligg lengre inne i fjorden.

Det er Steinar Alvestad som opplyser dette til Bokn Bygdeblad.

Loden Laks og Ognøy Laks har leid seg lekter med brakker til overnatting og opphold, og i tillegg eit aggregat til levering av elektrisk straum.

Alle lakseoppdretta i Bokn er såleis førebels sikra. Det var berre nokre få hundre kilo laks som kreperte av Vågen Laks sitt slep i Nedstrandsfjorden.

Men spørsmålet er koss framtida vil bli, og når dei eventuelt kan slepa anlegga tilbake til Bokn.

## P.G.A. DEI GIFTIGE ALGENE: SPRENGKJØR PÅ BOKN FISKEMOTTAK A/S

Den siste veka har det vore fullt kjør på Bokn Fiskemottak A/S i Knarholmen. 45 tonn laks + litt aure er blitt slakta, sløya og sendt for eksport. 5,5 tonn av dette er nedfrose.

Fisken er kome frå Bokn, sør-fylket og Tysvær. Det har jobba 15-16 personar ved anlegget denne tida, frå morgen til seint på kveld.

Både slakteferdig fisk, og fisk som normalt ville gått ca. 1 år til i sjøen er slakta.

Kvaliteten har stort sett vore bra.

Daglig leiar Bjørn Eirik Gundersen seier til Bokn Bygdeblad at dei nå er usikre på koss den nye situasjonen vil slå ut for Bokn Fiskemottak. Mykje av den fisken som skulle vore levert til hausten er levert nå.

**3 . KLASSE PLUKKER  
BOSS PÅ  
LAUPLAND**

I vår var me og såg på kvernhuset på Laupland. På stranda var det så mykje boss, at me fann ut at me ville komma tilbake og rydda.

Mandag den 25.04. kom me tilbake. Me hadde med oss bossekker, pinner med spiker i og hanskars.

Me fann 5 sekkar med boss, men enda var det litt igjen. Det var plastikk, papir, flasker, mest plastikk. Det var stygt med alt bosset, og ikkje så kjekt å rydda.

Til slutt vil me sei:

**TENK DEG OM FØR DU HIV BOSS PÅ SJØ-  
EN!**

Helsing 3.klasse

Grete og Ingrid



**SJUKESTOVA FÅR TE-  
RASSE OG LESKJERM.**

**BOKNATUN FÅR UTE-  
PLANTER.**

Bokn kommunestyre vedtok den 3.mai å løyva kr.10.000 til terasse og kr.10.000 til uteinngående til sjukestova.


Kr.5.000 vart løyvd til uteplanter til Boknatun.

Å passe sitt yrke  
fordi det er plikt,  
er bra.

Men et elsket yrke  
blir til et dikt,  
som gjør gla.

R.Bjørnsson

# BIDHOTEKER



## OPNINGSTIDER:

## \* LESETIPS FOR JUNI:

- \* Lid, Dagny Tande:  
Mitt liv. Biografi. 1987.
- \* Corbett, Anthony:  
Tundra. Spenningsroman. 1987.
- \* Staalesen, Gunnar:  
Svarte får. Spenningsroman. 1988.
- \* Kirkemo, Ole:  
Laks og laksefiske i Norge. -87.
- \* Bø, Olav:  
Troldmakter og godvette.  
Overnaturlege vesen i norsk folketru. 1987.
- \* Sveen, Karin:  
Kvinnen som forsvant. 1987

TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORSdag: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

TLF: 748500

## NYE bøker for barn:

- \* Barth, Fröydis:  
Sirkus Fantasi. 1987.
- \* Mesterdetektiven Basil Mus  
og det store diamantmysteriet  
Onkel Skrue. 1987.
- \* Lohne, Bente:  
Gullridderen. 4. bok i serien  
om Julias lange reise. 1987.
- \* Mæhlqvist, Stefan:  
Drakefjellet. Biletbok. 1987.
- \* Tusvik, Marit:  
Hestehov. Barnedikt. 1987.



Opningstider i sommarmånadene:

- \* JUNI: Vanlege opningstider.
- \* JULI: STENGT p.g.a. ferie.
- \* AUGUST: Vanlege opningstider.

## GANG OG SYKKELVEG MELLOM FØRESVIK OG ALVESTAD.

Bokn bygningsråd gjorde i møte den 10.mai vedtak om å godkjenna eit forslag til reguleringsplan for gang og sykkelveg mellom Føresvik og Alvestad.

Gang og sykkelvegen skal gå mellom Driftavegen i sør og Skulevegen i nord. Strekninga er ca. 715 meter. Av dette ligg ca. 455 meter langs fylkesvegen.

Traseen vil kryssa fylkesvegen to stader, og her forutset ein at det blir bygd fotgengarovergang.

Gang- og sykkelvegen er planlagd 3 meter brei og i ein avstand på 3 meter frå fylkesvegkanten. Anleggget er kostnadsrekna til kr. 858.000,-.

Prosjektet er tenkt finansiert med midlar frå "Aksjon Skoleveg", og ein håpar å få full dekning av kostnadene langs fylkesvegen. Halvparten av kostnadene for resten av parsellen må Bokn kommune bera.

Prosjektet er tenkt ferdigstilt til åpninga av fastlandssambandet i 1990.

### KOMMUNESTYRET VIL HA KOMMUNALT VATN TIL AUSTRE BOKN

I kommunestyret den 3.mai 1988 vart det gjort slikt vedtak:

- Bokn kommunestyre vil be om at hovedvassforsyninga til Austre Bokn vert vurdert i samanheng med hovedplanen for heile vassforsyninga i kommunen.

Utbygging av vassforsyning må innarbeidast i langtidsbudsjettet og prioriterast i forhold til andre investeringsprosjekt.

## BOKNAFESTIVALEN 1988

Sundag den 5.juni er det Boknafestival, arrangementet der dei lokale song- og musikkrefter set kvarandre i stemne. Også dette året er det innbede utanbygds gjester: Vi kan ynskja Mannskoret Vibrand og Leikarringen i Haugesund Mållag velkomne.

Program for dagen:

- kl.10.20:Me tek imot gjestene på kaien.
- " 10.40:Marsjering frå kaien til skulen.
- " 11.00:Korpsa spelar utanfor skulen.
- " 11.30:Føremiddagskonsert.
- " 12.45:Middagspause.
- " 13.45:Ettermiddagskonsert.
- " 15.15:Slutt.

Det kan verta endringar i det endelige programoppsettet, i tilfelle berre små tidsendringar.


Kafeteriaen på musikkrommet vert open under heile arrangementet for sal av kaffi, brus og kaker. Det vert kiosk med brus, is og pølser. Lynlotteri.

Bokn skulekorps og Bokn Brass ynskjer dykk alle vel møtt.

## KOMMUNAL RENOVASJON PÅ Austre Bokn.

Bokn kommunestyre vedtok den 3.mai at det skal innførast frivillig renovasjonsordning på Austre Bokn frå mai 1988.

Teknisk hovedutval skal setja ordninga i gang ved å inngå avtale med renovatør.



# FORSLAG TIL PRINSIPPLØSNING FOR GANG- OG SYKKELVEG FØRESVIK - ALVESTADKROEN

## **VED HÅLANDSSJØEN:**

### **17 BUSTADTOMTER MED NAUSTTOMTER, LEIKEPLASS OG BADEPLASS.**

Reguleringsplan for det nye bustadområdet som ligg sør for eksisterande Alvestad Sør bustad-område er nå lagd ut til offentleg ettersyn.

Bokn bygningsråd behandla reguleringsplan for dette området i møte den 10.mai, og det ser ut til å kunna bli eit svært attraktivt buområde med nausttomter, badepllass og leikeplass.

Mot framtidig riksveg 512 i vest er det sett av eit 50 m breidt parkbelte som buffersone mellom trafikkåre og busetnad.

Mot sør vil bustadområdet grensa til

industriområdet ved Knarholmen, i nord til eksisterande bustadfelt.

Tilførselsveg vil gå via Knarholmvegen gjennom industriområdet. Mot nord er det regulert tilknytning til Havnavegen, men det er ikkje ynskjeleg at dette skal åpna for gjennomgangstrafikk frå Alvestadkroken eller industriområdet, og vegsystemet må derfor skilt-regulerast.

Det er også regulert tilførselsveg langs naust-feltet, og lagt til rette for vidareføring nordover dersom større deler av strandlinia skal utnyttast til naust-felt.



### **BOKN KOMMUNE REGULERING**

Bokn bygningsråd har i møte den 10.mai 1988 vedtatt å legge forslag til reguleringsplan for del av gnr.11 bnr.14 og 20 ut til offentlig ettersyn i tida 24.05. - 20.06. 1988.

Området, som er beliggende ved "Hålandssjøen" sør for Alvestadkroken, omfatter i alt 19 nye bo-ligtomter og 19 nausttomter.

Planen er utlagt til offentlig ettersyn på "Boknatun" og eventuelle merknader må være innsendt til Bokn bygningsråd innen 20.juni 1988.

Bokn bygningsråd.

### **HELSESTASJONEN**

Det vert stengt desse mandagane:  
30/5, 6/6, 13/6.  
I staden åpent fredag 3/6 og fredag 10/6, begge dagar frå kl.9-12.

Marie

### **HÅRFIXEN STUDIO**


Tlf. 74 86 05

#### **SOMMERLUKKING**

Fra 1.juni - 1.august vil salongen holde stengt på lørdagene.

Ellers vil åpningstid være 9 - 16 mand. - fred.

EKS.  
BOLIGFELT



## **INNSAMLING AV BRUKTE BATTERIER**

Miljøforurensning fra brukte batterier er etterhvert blitt et kjent begrep.

"Mange bekker små gjør en stor å" lyder et kjent ordtak. Selvom batteriaavfallet i Bokn er beskjedent bidrar vi likevel til den totale forurensning.

Teknisk etat vil oppfordre publikum til ikke å kaste brukte batterier sammen med husholdningsavfallet. Det er satt opp spenn utenfor Handelslaget i Føresvik, Austre Bokn Handelslag og forretningen til Steinar Alvestad hvor brukte batterier kan deponeres.

Følg oppfordringen og gi ditt bidrag til miljøvernarbeidet.

Teknisk etat.

## **REGIONHAMN TIL BOKN?**

Svein Ivar Langhelle sette fram følgjande forslag i kommunestyremøte den 3.mai, som vart vedteke oversendt formannskapet:

"Det blir sett i gang ei utgreiing for å få klarlagt om deler av austsida av Austre Bokn kan nyttast til regionhamn. Formannskapet bør vidare ta dette spørsmålet snarast råd opp med det utvalet fylkesutvalet har sett ned for å vurdera spørsmålet om regionhamn i Nord-Rogaland."

## **SHOW CHOW GJESTA BOKN 14.MAI.**

Det var bra frammøte, vel 100 revylystne boknerar. Kontakt med publikum fekk "gruppa" frå første stund. Dei hadde fleire komiske innslag og replikkar som var bra.

Men, det var musikken dei meistra best. Den var heilt topp.

No, uttala eg meg personleg, og då vil eg sei. Velkommen tilbake med tekst i visene som inneholder "kvalitet". Eller er alt kultur no?

L.V.

## **EI TOMT PÅ KLOKKARGARDEN**

Bokn bygningsråd gjorde i møte den 10.mai vedtak om at ein kan godkjenna frådeling av ei bustadtomt på Klokkgarden.

Eventuell byggherre må dokumentera at soltilhøva ikkje vert forringa på naboeigedommen til Steinar Haram.

Etter det Bokn Bygdeblad forstår av saksframstillinga, er bestemmelsen om soltilhøve for nabo påført p.g.a. at prosjektet må oppfattast som uventa for nabane, sidan det tidlegare ikkje har vore forutsetnad at det skulle setjast opp bustad her.

## **ASFALT/OLJEGRUS**

Har du planer om å leggja fast dekke på privatveg eller i gårds tun nå i sommer. I tilfelle kontakt Ingolf Kro telefon 74 84 71 eller 74 83 28.

Helst innen 15.juni 1988.

**IKKJE MAKEBYTTE  
MELLOM BOKN KOMMUNE  
OG KJELL TERJE  
BRYNINGSLAND.**

Den 3.mars-88 vart det avholdt eit forhandlingsmøte på Boknatun om erverv av grunn til ny riksveg og erverv av grunn til utviding av kyrkjegarden. Tilstades var Kjell Terje Brynningland og Lars Brynningland, Skadeberg, Nybø og Høyland frå vegsjefen og Svein Ivar Langhelle og Hans Faye frå Bokn kommune.

Det vart her laga eit forslag til avtale om makebytte mellom Bokn kommune og Kjell Terje Brynningland.

Eit fleirtal i kommunestyret (11 mot 5) gjekk imot å godkjenna avtalen i kommunestyremøte den 3.mai.

**TEKNISK UTVAL VILLE IKKJE TILRA  
PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR BUSTAD-  
OMRÅDE VED HÅLANDSSJØEN**

Alf Alvestad har gjennom eit privat firma søkt kommunen om å få regulerar eit område ved Hålandssjøen til bustadføremål.

I sitt møte den 10.mai gjorde teknisk utval slik samråystes vedtak:

- Teknisk utval vil rá i frå vidare utarbeidning av privat reguleringsplan for del av gnr.11 bnr.14/20 "Hålandssjøen".

Utvalet viser til kommunal planlegging som er igangsett samt målsetjinga om kommunal innløysing. Jfr. budsjettet for 1988.

Når det gjeld den kommunale reguleringsplanen, har bygdebladet omtala den ein annan stad.

**-KOM SÅ BYGGER VI-**



**Se vår  
huskatalog**

**70 SIDER MED HUS  
OG INFORMASJON !**

Kontakt vårt kontor –  
kom gjeme innom –  
så får du se tegninger  
på det huset du vil ha.

**HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER**

**VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)**

**FAST KONTORTID: KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN  
MAND. 10<sup>00</sup>-14<sup>00</sup>-17<sup>00</sup>-19<sup>00</sup>  
FRED. 10<sup>00</sup>-14<sup>00</sup>-15<sup>30</sup>-17<sup>00</sup>**

**FOR AVTALER: TLF. 748501**

AVALDSNES KIRKE



**UTVIK**

**TRELAST- OG BYGGEFORRETNING  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843111**

## HAR DU HUSROM?

Firmaet Vestdive trenger husrom til 4-5 personer samla eller spredt fra ca. 6.juni og 3 mnd. Skal arbeide med undervannsarbeid med Ognøysund bru.

Henv. Gjevik, tlf.05-29 06 70.

## SKOTPREMIE PÅ KRÄKE!

Frå mai og ut 1988 er det skotpremie på kräke.

Kr.8,- pr. stk. er prisen for kräka.

Bokn vilt nemnd v/Annbjørn Sunde betaler ut premie.

# Lavere rente på særskilte boliglån

**Regjeringen og bankforeningene er blitt enige om at renten på særskilte boliglån i forretnings- og sparebankene skal settes ned med inntil 1 prosentenhett fra 1. juni 1988.**

**Renten settes ned i forhold til rentesatsen pr. 11. mars 1988, men ikke lavere enn til tilsvarende 14 pst. helårlig etterskuddsrente.**

### Hvem kan få lavere rente?

- låntakere født i 1953 eller senere. Disse låntakerne behøver ikke å foreta seg noe. Bankene vil sende melding til dem som får rentereduksjon.
  - låntakere født før 1953 og som etter 31.12. 1982
    - har kjøpt bolig for første gang, eller
    - er skilt eller separert og har kjøpt bolig etter dette (ev. tidligere fellesbolig).

Disse låntakerne fyller ut en egenerklæring i brosjyren om ordningen, som er lagfut i bankene og kommunene. Egenerklæringen sendes sammen med nødvendig dokumentasjon til kommunen. Kommunen utsteder en attest som låntaker leverer banker.

### Hvilke lån?

Ordningen gjelder boliglån i forretnings- og sparebankene utbetalet etter 31.12.1982 og til og med 11.3.1988. Den gjelder ikke for bygglein, PSV-lån og lån gitt etter bankenes ordning med førstehjemslån. Ordningen omfatter heller ikke lån som er slått sammen med andre lån eller på annen måte gjort om til nye lån etter 11.3.1988.

Renten pr. 11. mars 1988 må ha vært 14,25 prosent eller høyere målt som helårlig etterskuddsrente.

Har du mer enn 500 000 kroner i slike boliglån i en bank, får du ikke rentereduksjon på den delen som overstiger 500 000. Enkeltlån som er under 25 000 kroner, får ikke redusert rente.

## Nye førstehjemslån

I tillegg er det inngått forståelse med bankene om standardvilkår for ordningen med førstehjemslån. Inntil videre gjelder vanligvis at lånet må benyttes til første gangs kjøp av bolig eller til etablering etter skilsmiss eller separasjon. Det er ingen aldersgrense for låntakere. Det stilles heller ikke krav til låntakers ev. ektefelle, samboer eller andre i familien. Renten settes inntil videre 1 prosentenhett lavere enn bankens prisliste for tilsvarende boliglån. Renteeduksjon vil vanligvis ikke bli gitt på den delen av lånet som ev. overstiger 500 000 kroner. Den enkelte bank kan gi nærmere opplysninger.

**Finansdepartementet/Kommunaldepartementet**



**UTBETRINGSTILSKOT  
OG LÅN 1988**

Bokn kommune har fått tildelt midlar til vidare utlån/tildeling i samband med utbetring av bustadhus.

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innlegging av vatn, ordna med avløp, innstallera bad/WC, isoleringsarbeid o.l.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekt og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene som er oppsett av bygningsmann. Dette overslaget må søkeren syta for.

Lån/tilskot vert utbetalet når utbetringa det er søkt om, er ferdig utførd og godkjend.

Søknadsskjema og nærmere opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 15. juli 1988

**BRANNMELDING  
i Bokn**

Det er foreløpig ikke innført ny brannvaktordning.

Eventuell brann skal varsles på tlf. 74 85 00 hele døgnet.

Telefonkatalogens opplysning om brannmelding utgår.

**ETABLERINGSLÅN  
1988**

Bokn kommune har fått tildelt midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad. Lånet er behovsprøvd.

Sams for alle typar bustader er at dei må ha lån i Husbanken eller Landbruksbanken.

M.a. huslydar med funksjonshemma og hustandar som skal etablira seg for første gong er prioriterte.

Nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Dette lånet er det ikkje søknadsfrist på.

**SOMMERVIKAR  
TEKNISK ETAT.**

Det er ledig jobb for 1 sommervikar i tiden 15.juni - 1.august.

Muntlig henvendelse til teknisk etat innen den 8.juni.

**RADIO 102  
FÅR KONSESJON TIL DRIFT AV  
NÆRKRINGKASTING I BOKN.**

I kommunestyremøte den 3.mai vart det vedtatt å gi Radio 102 konseksjon til drift av nærkringkasting i Bokn kommune.

Det er nye reglar om nærkringkasting som medfører at ein nærradiostasjon må ha konsesjon for å driva nærkringkasting.

B-POST

**ARRANGEMENT  
I JUNI**

- 6.juni: Boknafestival.  
Arr.:Bokn skulekorps/Bokn Brass.
- 10.juni: Bokn Sanitetsforening har basar på Bokn skule.
- 11.juni: Dans - kl.20.30 - Musikk:  
Scala.  
Arr.: B.I.L.

**KYRKJEBYGD SØNDAGS-  
SKULE**

Kyrkjebygd søndagsskule har vanleg søndagsskule den 12.juni kl.10.00.  
(Siste før ferien).

Målfrid

**FOTPLEIE**

Det blir fotpleie mandag den 13.juni.  
Påmelding til sosialkontoret tlf.  
74 85 00.  
NB! Det blir ikkje fotpleie i juli og august.

**BOKN BYGDEMUSEUM**

**Opningstider:**

Kvar sundag frå den 12.juni og ut august kl.15.00 - kl.18.00.

Dersom nokon har lyst å gå i museet utanom opningstida, må dei venda seg til Målfrid Kro Trosnavåg tlf.  
74 83 55.